

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnene. 6. Tilleggs-spørsmål. Fylke: Hordaland.  
 Tilleggsspørsmålnr. Lurar. Herad: Lindås.  
 Emne: Folkelege Musikkinstrument Bygdelag: Indre-Nordherdland.  
 Oppskr. av: Lærar M. Teft. Gard: Teft.  
 (adresse): Askelandsvåg. G.nr. 18, Br.nr. 5.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Kjenner til lurar av seljeberk. Me nytta berken av seljegreiner - vel 2 tumar tjukke - skar så berken i breie korketrekkjarstrimler så langt som greina var kvistfri. Desse strimlane rulla me saman til ein lur, stort tvermål i enden og smalna ~~xx~~ jamnt av oppetter til tuten. I tuten sette me fast ei pipa av ein seljeteining med tjukn pålag som ein blyant. Så bles me så det svara i nutane. Lydane vart fine eller grøve etter tjukn på pipene. Me nytta slike lurar ved "bjølling" av kjørestefolk - om det var på ei tid då selja "gjekk." Me fekk då lurlåten lik ei ku som rauta.
2. Halmpipe måtte dei vaksne laga til dei mindre børna i skurenna. Låtepiper vart dei og kalla. Dei var skårne slik at hæmkneet var med i eine enden der dei skar ei tunga innpå halmstrået omlag  $1\frac{1}{2}$  cm. og inn til kneet. Men ein veit ikkje av at desse vart nytta i lurar. Ein kjenner ikkje ørda halme eller harepipe som namn for lur eller anna instrument.
3. Ein veit ikkje om andre rangler enn ein kunne ha småstein inni ein ~~xx~~ blikkboks eller ei øskje og

rista på - utan-om ymse leiker i seinare tider som ein får kjøpa i leiketybutikkane. Einast kunne vera noke me kalla x "maraskjeidla". Ho var laga av eit rundt tre-stykke omlag 1 dm. i tvermål og  $\frac{1}{2}$  m lang. I eine enden skar ein så ut ein lang tapp til handtak og i andre ein kort tapp. Det som då var att såg ut som ein tre-rull med ein treakse gjennom. I trerullen som kunne vera omlag 2 dm lang skar ein på langs inn djupe furer eller skårer med korte mellomrom rundt heile rullen. Ein laga så ei tregrind med hol i endane som ein førde inn på "akslingen" tett innat rullen & ein arm på kvar side. 2 tverstykker heldt armane saman. Ei trespil vart smøygd inn og nagla fast til dei to tverstykkene med eine enden og midt på, den andre enden trykte då på rullen med dei innskorne riftene. Så var det å halda i handtaket og få grinda med spila i til å gå rundt. Då vart det skarpe smellar for kvar gong spila slær mot ein ny riftekant. Dei nyttja desse mareskjellene til å skräma øykene (hestane) bort frå beiter som dei ville kyrne skulle ha. Var grinda og spila sterk og solid, var det ei raping og ei skraping som virka skräande på hestane lang lei.



Ei mareskjella.

4. Frå eg var liten har det vore kjent å smella blad i handa. smella posar full i luft, smella blomekrune

av blåklokke, smelle, og revebjølle. (Revebjølle, sa dei vaksne, måtte me ikkje smella, for då misste me lamma våre. Svepesmell øvde me oss og på, nøtteskal i elden var sjeldan, men å kasta tangblører i emnen og få det til å smella, var ein "sport som var mykje drivæn. Eg veit ikkje om at ein hadde nok annan meinung med det enn kanskje å skræma kvinnfolket med det. I gamle dagar nyttar dei børseset til å skyta inn jula med.

Ei gamal segn frå eldeforeldra mine si tid lyst eg fortelja her og som eg høyrdé foreldra mine fortelja:

"Da va eidn ventrakveidl ~~hadn~~ bestefar sat idne i støvo. Hadn skudle passa heidne Vetsla-Kari, mensta badne, mæ dei andre va i floræ. Då såg ho Vetsla-Kari náke støkt borte i ei tå krædna. Då skreik ho: "Breidn kru, papa, breidn kru papa." ~~Xx~~ Dette kunne vera i tida mellom 1805 egl 1820. Krut var altså nytt til å skræma bort vond makter, men om det kom seg av at dei nyttar det til å sjota med, kan ein ikkje beint fram seia. Eg trur ikkje at det knyter seg nok evtru til skyting med dynamitt, sjølv om det vert nytt ved festlege høve - då ikkje her i bygda. Nok var det at ein i gamle dagar når guten kom på friri og fekk ja, eller når gjenta flytte heim til guten, så slo dei i berdkledningen med ei lang, tjukk sveiga (bandestake eller teining av ~~xxxæk~~ hassel) slik at det vart skarpe smellar - dei kalla det "belabruk". Belebrak kunne dei eg få ved å sleppa eller kasta ein leistesekk ( sek med skoleistar ~~I~~ ) ned gjennom løftsstigen. Desse smellane skulle vel hjelpe til å gje lukke - i allfall var det vel meint. №

ef dynamittsketa kómen i staden - slik at det kan ha ein visst samband med gamal evtru.

5. Ein kjenner ikkje til at dei nyttar neke serlege lydar eller ulydar fer å få bert vende makter, men høyrde eller såg ein neke mistenkjeleg, så skulle ein be Fadervår eller tala med makt og mynde til det og visa det bort.

---

8621